

Vil ha museum på Radøy

Fjernet kunstverk

Kommunane i Nordhordland finn seg i at Museumssenteret i Hordaland i Salthus har funksjon som regionmuseum. Men samlingane med utstilling vil dei ha på Radøy.

JOHN LINDEBOTTEN
john.lindebotten@br.no

– Vi tek ingen omkamp på plassing av regionmuseet for Nordhordland. Den funksjonen har Museumssenteret i Hordaland, som ligg i Salthus, seier Knut Moe, ordførar i Modalen og leiar for museumsmennda i Regionrådet for Nordhordland.

– Men vi må få oss eit stort, regionalt magasin for oppbevaring av samlingar. Det må kombinertast med ei utstilling, og kommunane i Nordhordland er samde om at dette bør plasserast ved Vestnorsk utvandrings-senter på Sletta i Radøy kommune, seier Moe.

Han understrekar at det då handlar om eit skikkeleg museumssbygg. Til det treng dei hjelp både frå fylke og stat, og Knut Moe vonar at det no snart er Nordhordland sin tur til å verta prioritert.

Kravet om eit felles regionalt

magasin står å lesa i Regionrådet sitt innspel til Museumsplan for Hordaland 2011-2015, der fristen for å uttala seg gjekk ut fredag 15. april.

Uttalen er ei felles fråsegn utarbeidd av dei kulturminneansvarlege i kommunane. Det er meininga at fylkestinget skal vedta museumsplannen før sommareen.

Frivillige

Kulturminnevernet i Nordhordland er i stor grad basert på frivillige, som legg ned mykje arbeid på kulturminnevern. Men det er stor mangel på faste driftsstrukturar. Det hindrar eit godt framhald i arbeidet og gjer det vanskeleg å leggja til rette for tilbod til skular eller reiseliv, står det i uttalen.

Museumssenteret i Hordaland (MUHO) er ein kultur- og naturhistorisk museumssorganisasjon som er administrativt overbygning for m.a. Osterøy museum, Havåtunet, Lymghetsenteret på Lygra og Vestnorsk utvandrings-senter. MUHO rår over fagleg ekspertise og utfører tenester for musea i Hordaland når det gjeld drift og styring av samlingar.

Skarp kritikk

Men Museumssenteret for Nordhordland ligg altså ikkje i Nordhordland, og dette har lenge vore skarpt kritisert av Arne



MUSEUM: Vestnorsk utvandrings-senter på Sletta på Radøy er den naturlege plassen for eit regionalt museumsmagasin med utstilling, meiner Regionrådet for Nordhordland.

FOTO: HELGE SKODVIN

Høyland. Han er lærar og etnolog frå Eikangervåg i Lindås, og har i mange år vore engasjert i registrering og bevaring av kulturminne i alle kommunane i Nordhordland. I sitt innspel til museumsplannen foreslår Høyland at kommunane i Nordhordland sluttar å betala inn til MUHO. Dei bør heller bruka pengane på ein «felles regional kulturminne- og museumssplan for Meland, Radøy, Austheim,

Lindås, Masfjorden, Modalen og Vaksdal», skriv Arne Høyland.

Eige museum for kystkultur

Radøy sogelag går ikkje så drastisk til verks. Dei er opptekne av kystkulturen slik han framsto gjennom fiskarbonden på strilelandet og meiner at det nasjonale kystkulturmuseumet bør byggjast i Nordhordland, men gjerne driftast av Museumssenteret på Salthus.

Universitetsledelsen fjernet et kunstverk fordi de trodde det kunne fornærme muslimer. KORO-leder Gro Kraft reagerer med forbauselse.

KARI FAUSKANGER
kari.fauskanger@br.no

Bildet «Boken» av Margareta Bergman er finansiert av det statlige utsnymkingsfondet KORO (Kunst i offentlig rom).

– Formelt sett kan de ikke bare fjerne et bilde som de først har valgt å ta imot. Mot-takeren har vært med i prosessen på forhånd og kunne si hva de mente. De valgte å takke ja. Hvis de ikke lenger ønsker kunstverket, er korrekt prosedyre å kontakte oss. Universitetet i Bergen har ikke kontaktet oss, sier KORO-leder Gro Kraft. Bildet som vekker strid viser en kvinnehofte eller rumpe med en oppslått bok over. Det ble plassert opp på Ressurs-senteret for internasjonal utvikling ved Chr. Michelsens Institutt like før jul. Begrunnelsen for å fjerne det, er at det kunne virke støtende på muslimer. –Jeg vil gjerne vite om det faktisk har fornærmet muslimer, sier Kraft.

Rumpe
i burka

